

## Målmannen i godt gjenge

Det fyrste nummeret av Målmannen, som vart sendt ut i byrjingi av september, hev jamt yver vorte godt motteke. Bladstjorni hev fenge godlæte frå ulikt hald, og meir enn 100 av deim som fekk bladet i postkassa, hev tinga det. Då nummer 2 gjekk til prenteverket, strøymde innbetalingane inn friskt enno. For at so mange som råd skal få høve til å lesa og tinga bladet, sender me òg dette nummeret åt alle, utan å sjå etter um bladpengar er svara. Men me legg ved girokort til deim som me ikkje hev registrert innbetaling frå.

I fyrste nummeret var det til saman 14 som skreiv i bladet. Det var innlegg, dikt, målteigar, bokmeldingar og andre stykke. Denne gongen er me um lag like mange, millom deim fjore nye. Dette ber bod um at Målmannen kann femna um ein breid krins av skrivarar, og me vonar at fleire vil hengja seg på. Det er ikkje minst viktugt for innhaldsbreiddi åt bladet. Det er ynskjet åt bladstjorni at bladet skal verta so forvitnelegt og vidsveimt som råd, samstundes som det held fast ved kjernen, som er det norske målet og å fremja det.

Me tek gjerne imot stykke som du vil hava

prenta, og me lovar å vurdera deim seriøst. Me krev einast at du skriv på hevdvunnen nynorsk. Det er greidast for oss um stykket ditt fyller nett éi sida elder tvo sidor i bladet, og målet er um lag 1 <sup>3</sup>/<sub>4</sub> A4-sida i skriftstorleik 12 for kvar sida i Målmannen. Um det skal setjast bilæte til, vert det tilsvarande mindre tekst.

Målmannen hefter ikkje for ordskifte og meiningsbrjoting. Grunnleggjande for oss som styrer bladet er å koma fram til nye sannkjenningar um mål og målsak gjennom ordskifte med andre. Men det er eit vilkår at innleggs-skrivarane held seg til saki og fører noko nytt til ordskiftet, elder verkar til å klåra upp på onnor vis. Me ynskjer ikkje å prenta innlegg som berre skaper indre splid, og som ikkje hev interessa for ein breid lesarkrins.

I fyrste nummeret av Målmannen hadde me fleire innlegg som baud inn til tilbakemelding og motlegg. Fyrst ute er K. E. Steffens, som kjem med eit svar til Olav Torheim um hebraisk i dette nummeret. God lesnad og godt ordskifte!

**Bladstjorni**

## Stor målstemna på Stord

Helgi 1.-3. november høgtidar Stord Mållag at laget fyller 100 år med ei nynorsk skriftmålsstemna. Siktemålet med stemna er å setja kveik i målfolket og reisa undring og nyfikna kring nynorsk og målsak, heiter det i innbjudingi. Ikkje minst vil tilskiparane slå eit slag for kritisk sjølvforståing og kann henda brjota gjengs vanetenkjing.

Det er bede inn ei rad ulike innleidarar, m.a. Ola Breivega, Rolf Theil Endresen, Jon Hustad, Karsten Alnæs og Johannes Gjerdåker, og det vert ordskifte um tilhøvet millom

talemål og skriftmål, «skulen som forsvann», nynorsken no etter at samnorskparagrafen er kjend daud, og det ideologiske grunnlaget for målreising i dag. Um laurdag kvelden vert det festmiddag med tale av stortingsmann Inge Lønning.

Målmannen prentar heile programmet for stemna, attåt eit innleidande stykke av Vincent Eye Færavaag.

**Les meir på sida 6 og 7**

### I dette nummeret:

Rolf Theil Endresen:	Um profetar	s. 2
Lars-Toralf Storstrand:	Litterær stagnasjon – eller kampgny?	s. 2
Olav Torheim:	Norsk Målungdom – ein tragedie	s. 3
Leif Arne Storset:	Han stod på til dagen han døydde	s. 4
Ivar Aasen:	Ordtøkje frå latin	s. 5
Vincent Eye Færavaag:	Nynorsk framtid – kva no?	s. 6
Ronny G. Spaans:	Kultur og pomes frites i Brygge	s. 8
Klaus Johan Myrvoll:	Klår melding frå Bokn	s. 9
K. E. Steffens:	Eit fenomen og ein koloss	s. 10
Torill Hjartåker Hauge:	Frie menn bed ikkje grannen um ord – andre bolken	s. 11
Anders Moe:	Forvitnelege Aasen-skrifter?	s. 12
Johannes Gjerdåker:	Dikt av Hugo von Hofmannsthal	s. 13
Myrvoll vs. Språkrådet:	Brevskifte	s. 14
Anders Moe:	Pondus – licetne interpellare	s. 16

## Um profetar

### Av Rolf Theil Endresen

*Profet*, skriv Nynorskordboka, tyder «person som forkynner Guds vilje», og dette påstandet fekk meg til å klå meg i hovudet. Dersom me segjer um ein mann – lat oss kalla honom Teodor – at han er profet, so hevdar me at Teodor talar for ein serskild gud – lat oss kalla honom Gud. Men det gjev liti meining å segja nokot sovordet um ein mann um me ikkje fyreset at Gud finst. Trur du ikkje på gudar, elder i minsto ikkje på Gud, lyt det vera tungt for deg å ganga med på at Teodor er profet og «forkynner Guds vilje».

– Eg fær slå upp i andre ordbøker, tenkte eg, og gjekk til bokhylla. Nokot støkkjande fann eg i ei engelsk ordbok – lat oss kalla henne *Lexicon* – at ein *prophet*, det er, i kristendomen, jødedomen og islam, ein mann som *trur* (mi utmerkjing) at han er styrd av Gud til å gjera kjend elder forklåra Guds vilje.

Dette var då svært, tenkte eg. Det er so vidt eg kann skyna ingen tydingsskilnad millom norsk *profet* og engelsk *prophet*, so eg kom til at eg laut jamføra med andre engelske ordbøker. Eg so gjorde, og fann definisjonar i andre engelske ordbøker som samsvarade med Nynorskordboka. «Mann som talar med guddomeleg inspirasjon» stod det i eine boki og «ein som talar for Gud eller ein guddom» stod det i hi. Ei fransk ordbok hevdade òg at ein *prophète*, det er, i Bibelen, ein mann som, inspirerad av Gud, talar i hans namn for å gjera bodskapen hans kjend.

Kvat for ein av desse motstridande definisjonarne av profet skal me godtaka? Ei forvitneleg sida ved definisjonen åt den engelske ordboki *Lexicon* er at han tillèt oss å kalla Teodor for profet utan å

taka stoda til eksistensen av den Gud som Teodor trur han talar for. Men me sit likavel att med ein mindre brukande definisjon. Det gjev liti meining å kalla Teodor profet berre av di han sjølv trur han er det. Er det viktugare å taka med trui i definisjonen av profetar enn i definisjonen av kongar?

Eg meiner svaret er nei. Eg hev møtt folk som hev trutt dei var kongar, og ikkje berre kongar yver eitt kongerike, men yver heile verdi. Dei hev kallat seg verds-kongar, og hev vist seg fram for ålmenta ved å ganga midt i Storgata i norske byar, ofte framfyre eit lokalt musikkorps, og med femti medaljar på bringa, men det er berre i egne augo dei hev voret kongar. På ein stad hev det gjenget galet for *Lexicon*. Boki hev ikkje teket med trui på rett stad i definisjonen. Teodor er profet um han forkynner viljen åt Gud – det nyttar ikkje å rota til definisjonen ved å draga inn kvat Teodor trur om dette.

Profetar finst i serskilde fyrestellings-verder der gudar finst òg, og lyt defin-erast med utgangspunkt i desse fyrestellingsverderne, same kvat me måtte meina um deim. Ikkje alle trur at desse fyrestellingsverderne, der gudar og profetar finst, svarar til «røyndomen». Det påverkar likavel ikkje beintfram tydingi åt ordet profet. – Fyrestell deg med andre ord ei verd der Gud finst og menneske finst. Menneski bur på jordi, og Gud vaktar yver deim frå himmelen sin. Millom menneski finst Teodor, den utvalde som med guddomeleg inspirasjon forkynner Guds vilje, og honom kallar me profet.

I røyndi vert det galet å byrja tala um kvat profeten sjølv meiner og trur um saki. Det ligg ikkje nokot i tydingi åt ordet profet at Teodor sjølv lyt vita elder

tru at han er profet. So lenge Gud hev valt honom ut, kann han forkynna Guds vilje og tru at han syg hugskoti sine or eiget brjost, heilt utan å vita nokot um at han hev ei privilegerad stelling hjå Gud. Den engelske ordboki vår, *Lexicon*, tek med andre ord beint fram feil når ho blandar trui åt profeten sjølv inn i definisjonen. Den franske ordboki, som lagde til at profeten er ei ovring «i Bibelen», kjem best frå det, um me tenkjer oss Bibelen som ei eigi fyrestellingsverd eller forteljings-verd.

Ordet profet kjem ikkje i nokor serstoda ved å vera definerat på grunnlag av ei eigi fyrestellingsverd. Soleides er det med alle ord. Tydingar er ikkje definerade på grunnlag av «røyndomen» elder «den røynelege verdi», for det er ikkje den målet handlar um. Målet handlar um verder som folk lagar seg i hovudet. Me ser det berre klårare når ord hev tydingar som byggjer på fyrestellingar me ikkje sjølve tek for god fisk. Tilhøvet millom desse verderne og «den røynelege verdi» er meir eit psykologisk en eit språkleg problem. Me talar lika lett um einhyrningar som um dølahestar.

Fyrestellingsverd elder forteljings-verd, sagde eg i stad. Ei forteljingsverd er ei fyrestellingsverd som me lagar oss i hovudet når me les eller høyrer ei forteljing. «Det var ein gong ein mann som budde langt uppe i ein dal», kann eg segja, og so skapar du deg med ein gong eit liti verd i hugen din, der du ser mannen i dalen framfyre det indre augat ditt. So kann eg halda fram soleides: «Han hadde tri søner.» «Han» – det er denne karen som me no kjenner, du veit, han uppe i dalen.

## Litterær stagnasjon – eller kampgny?

Det har nyleg kome meg for øyra at ymse krafter innanfor nynorsk bokreiding ikkje vil gjeva ut bøker som alt er komne ut på bokmål – på nynorsk.

Det er ei haldning underskrivne trur er feil. Og fylgjone ser me, korleis den unge, oppveksande ætti ormektar av skort på god litteratur på nynorsk. Fylgjone er at dei vert tvinga til å lesa bøkene på bokmålet, noko som fungerer som ei brekkstong som bryt upp grunnvollen for

norskdomen.

Eg trur heilt visst at det finst rom for god skjønnerlitteratur på nynorsk, og dersom ein skal hava von um å berga det ser-norske preget og norskdomen er det eit viktugt punkt å ganga til åtak på.

Kvifor hev ikkje Harry Potter-bøkene (for unge) vorte umsette til nynorsk? Bøker som sel i 300 000 på bokmål, må då hava gode utsikter til å selja 20 000 på nynorsk? Det skulde tilsegja at bøkene i

det minste lèt seg tena inn.

Kva med bøkene av Tolkien um «Ringedrotten» (*Ringenes herre*) – og barneboki *Hobbiten*? Eg saknar desse bøkene på nynorsk, og veit um mange som gjer det same.

Kven er viljug til å taka ansvaret?

Lars-Toralf Storstrand

## Norsk Målungdom – ein tragedie

Av Olav Torheim

Nett når Målmannen er reidug til prenting kjem det avsløringar um at Norsk Målungdom skal ha drive med medlemspengejuks i årevis. Gjennom umfemnande manipulasjon av medlemstal og lokallag, dokumentfalsk og oppkonstruering av kurs og prosjekt skal Målungdomen ha svindla til seg mange millionar i statsstudnad som dei ikkje hev havt rett på.



miljøet kring Norsk Målungdom gjennom mange år hev rekruttert ungdomar til å vera med i ein juksekultur. Det hev ført til ein ukultur der det hev vorte viktugare å føra kontroll med medlemene enn å driva utettervendt målarbeid. Den sentrale kjernen hev halde korti tett inn åt bringa, og hev vilja leggja løk på alle ordskifte. Dei som ikkje hev

havt dei rette meiningane og vore 100% «lojale», hev vorte utfrosne.

Det var programmet «Rikets tilstand» på TV 2 som nækte jukset, og Målmannen ser ingen grunn til å tvila på den dokumentasjonen som der vart framlagd (noko av honom finst på heimesida [www.tv2.no/rikestilstand](http://www.tv2.no/rikestilstand)). Målmannen tek sterk fråstand frå all økonomisk kriminalitet, same kva for nokre intensjonar som måtte liggja attum. Her er det ikkje soleides at målet helgar middelet; snarare tvert um: gjennom medlemspengejukset hev leidande tillitsvalde i Målungdomen greidt å undergrava ei ideell sak. Her trengst det opprydning og klåre linor frametter. Målmannen vonar at dei skuldige fær den straffi dei hev gjort seg fortente til.

Desse avsløringane set den organiserte luten av målrørsla i eit dårlegt ljøs. Det synest openbert at sentrale personar i

Organisatorisk rot og avpolitisering av målrørsla hev ført henne inn i ei fundamental krise der personkiv og personleg vinning vert framherskande. Målmannen ynskjer å strida mot dette tilstemnet. Um ikkje folk som vil arbeida for målreisingi på eit ideelt grunnlag, kann få fred og høve til nett det, er det ille. Ei rørsla styrd av organiserte juksemakarar som svindlar staten for millionsummar, samstundes som dei systematisk gjeng mot friske og offensive utspel frå grasroti, kann ikkje yverliva i lengdi. Like lite som målrørsla kann vinna fram med heltedyking og koseklubb, vinn ho på økonomisk kriminalitet og vinstrepopulisme. Utfallet hev vorte tragisk for Norsk Målungdom. Det er eit symptom på ei sjuk rørsla.

## Fals og Fusk

Med Fals og Fusk er Verdi full,  
og mangt eit Korn læst vera Gull;  
men naar ein ser det nærre,  
so var det verdt eit mindre Rop:  
d'er berre Graastein alt i Hop,  
og stundom nokot verre.

Um Framgang er no myket rødt,  
alt nytt skal vera Framgang stødt,  
men naar ein ser det nærre,  
so gjeng det ymist att og fram:  
det eine fær ein betre Ham,  
det andre verder verre.

Av Fridom skrøyter mangein Mann,  
og fagre Ord han tala kann,  
men naar det kjemer nærre,  
so vil han liten Fridom sjaa,  
og kann han Vald i Grendom faa,  
han verd ein strengere Herre.

Um Landsens gamle Sed og Viis  
dei tala tidt med myken Priis,  
men naar det kjemer nærre,  
naar sjølv dei gamall Sed faa sjaa,  
so kvekka dei og røma fraa,  
som ingen Ting var verre.

Av Vit og Kunnskap, ser ein tidt,  
at Folk vil skrøyta stort og vidt,  
men naar det kjemer nærre,  
so vita dei um Smaating best,  
og minst um det, som trengdest mest,  
og slikt er helder verre.

Og mangein Gut læst vera klok  
og skriver stort i Blad og Bok,  
so er det litet Gagnet i,  
og skal du fara etter di,  
so fer du fulla verre.

Ivar Aasen

## Målmannen

### Utgjevar:

Samorganet Målmannen

### Tilskrift:

Målmannen  
Postboks 49 Blindern  
0313 Oslo

### Bladstyrar:

Olav Torheim  
Dyrgravvegen 21E  
3617 Kongsberg  
olafr@online.no

### Tingar- og lysingsandsvarleg:

Klaus Johan Myrvoll  
klausjon@online.no

### Grafisk utforming:

Olav Torheim  
Lars-Toralf Storstrand  
(rabbixl@frisurf.no)

### Netstad:

maalmannen.sambandet.no

Bladet kan tingast ut året for  
kr 100,-.

Bankgiro 2291.14.45666

*Målmannen* fylgjer redaktør-  
plakaten.

## Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden åt høgnorskrorsla. Sambandet arbeider for målupplysning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde. Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!

### Innmelding til formannen:

Klaus Johan Myrvoll  
Nedre Ullevål 9-322  
0850 Oslo  
Tlf. 900 26 380  
Epost: klausjon@online.no  
<http://www.sambandet.no>  
Giro 0814 20 27 209

## Han stod på til dagen han døydde

Av Leif Arne Storset

*På ein kafé ved Skillebekk i Oslo sit det ein gamal mann og ventar på meg. 75 år hev han livt, og i det lange livet hev han rokke å skapa den mest dramatiske umveltingi innanfor dataprogrammering nokosinne. Det er tysdag 6. august. Mannen er Kristen Nygaard, og um tri dagar er han daud.*

– Me hev eit problem. Det problemet er at du ikkje kann objektorientert programmering.

Kristen Nygaard er ærug, men tydeleg rådvill etter at eg legg fram tilstanden mitt og det eg ynskjer å vita av honom. Det demrar for meg at eg ikkje hev fyrebutt meg godt nok. Eg sit her attmed ein av mennene som fann upp objektorientert programmering, ein av dei viktugaste figurane i datasoga, og kjenner meg liten. Rett nok hev eg lang røynsla med data, og eg hev programmert i nokre år. Eg totte at eg var røynd nok til å velja noko slikt til seremne, og læra undervegs. No sit Kristen på benken han fann seg attarst i kafene og tenkjer hardt på kva han skal fortelja meg. Eg skynar at han legg upp fyrelesingi si.

Programmering, kunsti å laga system til styring av datamaskinor, var ikkje komi langt då Kristen kom inn i spelet. I byrjingi gjekk det ut på å setja um matematiske formlar til ei form som datamaskinone kunde skyna. Dette gjorde at programmi vart lange listor av bod som maskinone skulde fylgja. Maskina byrja øvst og arbeidde seg nedetter til ho kom til enden, då ho kunde sputta ut eit resultat elder taka alt på nytt, dersom programmet kravde det. Men dette førde til «stive» program som var tungvinte å byggja og, når det kom til stykkjet, var stort sét brukande til éin ting: matematiske utrekningar.

Dette var òg dét dei gamle programmeringsmåli gjekk ut på. Stutt sagt er desse programmeringsmåli språk som me menneske nyttar når me skal gjeva bod til ei datamaskin. Me skriv kodar i vanleg tekst, som me matar inn i eit program, kompilatoren. Han gjer tekstkodane um til maskinkodar, som er heilt uleselege for menneske, men som maskina skynar godt. Når kodane er ferdugt umsette, kann programmet køyrast av brukaren. Slike program er til dømes Microsoft Word og Excel.

Kristen Nygaard og Ole-Johan Dahl,



Kristen Nygaard

som på den tidi var tilknytte Norsk reknesentral, såg at programmering kunde vera so mykje meir enn lange remsor med algoritmar. Dei laga eit nytt programmeringsmål, *Simula*, som var tufta på sokalla «objekt», sjølvstendige einingar innanfor eit program, som kvar hev sine eigenskapar og moglege gjerningar. Dette gjorde at programmi vart langt meir tøygelege enn fyrr: dei kunde byggjast ut nær sagt i det uendelege, og med dette kunde ein tenkja seg langt meir innfløkte program enn det som var praktisk mogleg fyreåt. Objekti gjorde at fråstandet mellom røyndomen og reknemaskinone minka. Programmi vart «livande».

Det nye målet var i fyrste rekkja tenkt nytta til simulering, difor namnet *Simula*. Når ein simulerar, tek ein utgangspunkt i ein modell, ei etterlikning av røyndomen; ein kann til dømes laga ein modell av ein ferjekø. Denne ferjekøen inne i maskina verkar etter same reglar som ein røyntag ein: bilar steller seg sist i køen, og når det er tomt i ferja, kann den fyrste bilen i rekkja køyra inn.

Denne skipnaden kunde simulerast på gamlemåten òg, men det vart snøgt ovleg innfløkt. Kva um det kom ein ambulanse: då laut han få inn fyrst, må vita, og ferja koma av garde snøggast råd. Elder når ein skal samla inn ferjepengane: alle skal svara, men lastebilar meir enn småe folkevogner, og fullasta bussar meir enn sjåføren åleine. Då lyt ein leggja til nye prosedyrar, men òg brigda dei gamle.

Brått hev du eit stort puslespel, ein stor vev der kvar minste endring krev mange brigde andre stader i kodane. Med fleire og fleire nye bitar i puslespelet, vert simuleringssuppgåva etter kvart mesta umogleg.

Men med *Simula* vert det ein leik. Med objektorientering kann ein definera ein klasse «køyrety» som hev visse eigenskapar: han kann hava passasjerar og last, han hev ei viss vekt. Klassen hev visse gjerningar: han kann stella seg i kø, han kann køyra inn i ferja. Og *Simula* gjer det lett å laga nye underklassar, som erver eigenskapane og gjerningane til foreldreklassane, men i tillegg fær nye. Slik slepp ein å finna upp hjulet på nytt for kvar ny funksjon ein legg inn. Og simulering vert med eitt vinnelegt.

Kristen hev tala seg varm, og kassettspelaren tek trottugt upp denne siste utspyrjingi med honom. Han løyser vansken med vankunna mi med å gjeva meg heile soga sedd frå hans synsstad, frå simuleringi av den fyrste norske atomreaktoren i 1948, til dei ferskaste opplæringsprosjekti innanfor programmering. Augo, dei med det oppgjevne uttrykket, ser etter at eg fær med meg det han fortel medan røysti skifter mellom dromande utleggjing og oppglødde merknader på soga, lågmælte klagemål og låttmilde åtgåingar. Han segjer inkje um at venen og samarbeidspartneren hans, Ole-Johan Dahl, døydde berre ein månad fyrr.

Han fortel godt og samantrengt, han hev stoffet godt inne etter femti år, og han syner klårsynet som venteleg kom godt med gjenom åri i Nei til EU. Det er truleg frå den samskipnaden folk flest kjenner honom. Skarpsynet hans og planleggjingi han byrja på alt stutt tid etter folkerøystingi i 1972, trygde sigeren for neisida i 1994. Helder ikkje no likar Kristen stormaktene, anten det gjeld dei politiske elder dei økonomiske: Han drikk aldri Coca-Cola, helder vatn, og han klagar yver kva den verksemd i finn på. Han såg EU-striden som ein lekk i ein konflikt mellom marknads-Noreg og samhalds-Noreg. Kann henda meiner han at ungdomen i dag er på marknadssida:

– Det som er rart med unge menneske i dag er at det er ofsa mange ting dei ikkje veit. Eg trur eg veit helder mykje um kva dei veit, det er utrulegt. Dei veit jo ingenting um kva ein gard er, dersom dei

ikkje hev arbeidt der sjølve. *Nåvel.*

I dag er han truleg meir aktiv på det faglege området enn på det politiske: det er enno mange projekt han arbeider med. Millom andre eit som skal betra programmeringsopplæringi, for jamvel no i dag vert unge datafolk opplærde i gamlemåten fyrst fyre dei fær prøva seg på objektorientering. Den nye teknikken vert dimed berre klaska oppå den gamle, og vert ikkje nytta fullt ut. Med COOL-projektet vil han syta for at unge programmerarar lærer objektorientering heilt frå starten.

I november skal han til Seattle og tala på ein konferanse, OOPSLA, som handlar um den typen programmering han og Ole-Johan Dahl fann opp. Kristen pendlar millom tri jobbar: professor emeritus på Universitetet i Oslo, konsulent på Norsk reknesentral og forskar ved Simula Research Laboratory. Eg skynar at pensjonstidi er langt undan for honom.

– Det er so mykje eg skal vera med på. Eg veit ikkje um eg rekk det fyre eg daudar, segjer han, medan me rundar av samtala. Eg gjev honom ordet mitt på at

eg kjem til å halda kontakten og senda honom oppgåva når ho vert ferdug. Han luntar ut dyrri medan eg pakkar saman kassettspelaren. Både er me uvitande um at oppgåva mi kjem til å innehalda dei siste prenta ordi hans.

Les meir um Kristen Nygaard på heimesida hans:

[www.ifi.uio.no/~kristen/](http://www.ifi.uio.no/~kristen/)

Merknader:

COOL: *Comprehensive Object-Oriented Learning*, elder Heilskapleg opplæring i objektorientering, sjå:

[www.ccs.neu.edu/home/lorenz/COOL/](http://www.ccs.neu.edu/home/lorenz/COOL/)

OOPSLA: *Conference on Object-Oriented Programming, Systems, Languages, and Applications*, elder Konferanse um objektorientert programmering, system, mål og bruksumkverve, sjå:

[www.oopsla.org](http://www.oopsla.org)

#### Nokre linor på Simula:

```
set array que, avail [1:nmg]; integer U;
integer procedure nextm (type, step); integer type, step;...;
real procedure ptime (typ, step); integer type, step;...;
integer procedure bsize (type, mg); integer type, mg;...;
activity opart (ono, type, step, nw, np, last, successor);
    integer ono, type, step, nw, np;
    Boolean last; element successor;;
```

Og slik kann maskinkoden verta sjåande ut:

```
4D 5A 90 00 03 00 00 00 04 00 00 FF FF 00 B8 0E 1F BA 0E 00 B4 09 CD 21
```

## Ordtøkje

### Frå latin ved Ivar Aasen

Inkje annad en som vel er, um dan som veg er.  
*De mortuis nil nisi bonum.*

Dan som jagar tvo Harar, han ingjen fangar.  
*Duos qui sequitur lepores neutrum capit.*

Ein liver meir etter Visi elder Vited.  
*Exemplo plus quam ratione vivimus.*

D'er mange Viner med' vel gjenger.  
*Felicitas multos habet amicos.*

Retten skal haldast um Himmelen skal falla.  
*Fiat justitia, ruat caelum.*

Mistak er kvar Manns Sak.  
*Humanum est errare.*

D'er lett Byrda som med Lyst er bori.  
*Leve sit quod bene fertur onus.*

Ulven skifter Håri, men ikkje Hugjen.  
*Lupus pilum mutat, non mentem.*

Ein stor Stad er ei stor Øydemark.  
*Magna civitas, magna solitudo.*

Naud lyder ingji Log.  
*Necessitas non habet legem.*

Da vert alt til Mein som for mykjed er.  
*Omne nimium vertitur in vitium.*

Dan råkar Måled, som Gagned med Moro kann mengja.  
*Omne tulit punctum, qvi miscuit utile dulci.*

Vor Herre ser på reine Hender, inkje på fulle.  
*Puras Deus, non plenas, adspicit manus.*

So mange Menner, so mange Meiningar.  
*Qvot homines, tot sententiae.*

Ein skal vera hard i Verkjed, men mild i Måten.  
*Svaviter in modo, fortiter in re.*

Tiderne skiftest, og Mannen skiftest med Tidom.  
*Tempora mutantur, et nos mutamur in illis.*

Han slepp å språka, som Sanning segjer.  
*Veritatis simplex oratio est.*

Da syner på Augom, kvat som under bur.  
*Vultus est index animi.*

Alt kvat du gjerer, so gjer da med Vit og kom vel i Hug Enden.  
*Qvidquid agas, prudenter agas et respice finem.*

Fyrste gong prenta av Jens Lindberg i *For Bygd og By* 1931 (jolenummer).

## Nynorsk framtid – kva no?

### Stord mållag høgtidar hundradårsminnet med skriftmålstemna 1.–3. november

I høve Garborgjubileet i 2001 – og i høve at Stord Mållags fylte – meir eller mindre – 100 år i 2001, sette mållaget seg fyre å skipa ei målstemna, til gagn og bate for målsaki og nynorsken.

Siktemålet med målstemna er:

1. Å skapa ordskifte um dagsens tilhøve millom målføri (les: talemålet) og nynorskt skriftmål – og tilhøvet millom norsk kultur og norskt mål i eit globalt hamskifte. Kva «stend det um»? («Kva er det me vesnar etter?»)

At kunstnaren og vitskapsmannen Ivar Aasen skapte nynorsk skriftmål som samnemnaren millom dei ymse norske målføri, borgar ikkje for at Per og Pål, i søkk og kav, kann gjera det same i dag, allra minst i ei tid då det dominerande danskrøtte bok- og talemålet so sterkt påverkar talemålsvoksteren. Rikkar me for mykje på systemet åt Aasen, som kviler -idiomatisk – på det systematisk sereigne ved dei ymse målføri («samnemnaren») hev me brått ikkje lenger noko system og samanhengen gjeng upp i inkje...

I dag fungerer bokmålet som samnemnaren for dei fleste av oss, det vere seg um du talar so eller so. Talemålsnormering er i hovudsak ei «idiomatisk» sak for kvar einskild av oss, og fylgjer oss i grava, «og det er det». Na'nal!

Det sosiometriske tyngdepunktet, det som ordnar og lagar um på rådande talemålstilstand, i stort som i smått, er tala og skrive bokmål. Difor brøyter me ikkje veg målpolitisk gjennom bruk av tungebåndet. Det syner ikkje får etter oss.

Det er berre gjennom institusjonell (akademisk) odling, vern og opplæring i skriftmålet at me – i stort – maktar å leggja føringar for målutviklingi. Same kva: talemålet ditt – oppigards eller nedigards – er ikkje til hinder for at du skriv nynorsk (um du skulde tru det etter tiår med velkjend talemåls- og folkemålsretorikk frå filolog- og mållagshald). Som radikale framstegsfolk («progressive») hev me gjerne lika å sjå på oss sjølve som «på parti med den historiske utviklingi» – og med folket. Synd då at ikkje nynorsken er på parti med framtid. Men høyr! Maktar me ikkje å lyfta oss sjølve etter håret – kvifor likevel gjeva oss yver til likesæla og lagnadstru? Lat oss sjå utmaningi i augo. Gå inn i vår tid. Blåsa til strid. I vår eigen hug. Kvifor vil eg dette?

Ved å snu på den gamle flisa, byrja ved det kulturelt primære, vender me eit

blad («tala som du vil, men skriv nynorsk!»). Samstundes tek me burt ei ideologisk sperra for å vinna m.a. byfolket for nynorsk. Deira – meir eller mindre – bokmålsnære talemål er ikkje til hinder for å skriva nynorsk (slik heller ikkje gode norske målføre var (er!) til hinder for å skriva bokmål). Derimot er fyrestellingar um kvar du høyrer heime kulturelt sers viktuge.

Byfolk hev like stor eigedomsrett til den norske kultur- og målskatten som bygdefolk. Sjølv sagt. Det er ikkje som «nynorskbrukarar» (dei finst for det meste på Vestlandet – ute på bygdene) me vender oss til det norske folket, men som talsmenn og misjonærar for ei kultur-historisk stemneleid. Me talar um identitet, ikkje um grammatikk og ljodyvergangar. Kalla det gjerne det nynorske daningsprosjektet, med verknad «innanfrå og ut».

2. Påstand: Tilnærmingi millom nynorsk og bokmål er i ferd med å riva grunnen undan nynorsk som eit mål med sin eigen serhått, som klårt og systematisk skil seg frå det målet me lyt tevla med kvar dag – det danskrøtte bokmålet. Einast med sin språklege sersvip kann nynorsken krevja livsens rett som eige mål! I dag stend det ikkje lenger um å krevja heile odelsretten, men um å yverleva som offentlegt mål. Det vil ikkje skje utan strid. Målstrid.

Tilnærmingpolitikken er ikkje lenger (2002) den offisielle normeringspolitikken åt staten, men han lever vidare som: 1) synleg og offentleg resultat av tiårs sammorskpolitikk, og 2) som «talemålsnært» normeringsprinsipp hjå språkplanleggjarane.

Soleis grev me vår eigi grav. Resultatet er at stendug færre skynar, eller finn grunn til å skyna, kvifor me held oss med tvo mål her i landet. Me ber vatn i sold; me turkar radt upp i saknet etter ein idealisme (les: yvertyding!) som maktar berga målreisingi frå rein likesæla. Eigarkjensla til nynorsk hev veikna millom godtfolk – til liks med den dialektale ryggmergrefleksen. Med eit ord frå Jan Erik Vold: «Det hele er håpløst – og vi gir oss ikke». Itte på vilkår.

Dette lyt under lupa, krev ordskifte og vilje til å verta framføre i stendugt vidare krinsar. Me hev ein veg å gå – i brattlende.

3. Attende til aasenmålet? Kor langt treng me gå i puristisk vøla? Lyt me – av

reinspikka «realisme» – godtaka utviklingi (les: normeringi) so langt, eller er det meir eit spursmål um målpolitiske – og opportunistiske – haldningar og vanar hjå oss sjølve? Det er elles eit kjent serdrag ved tidi me lever i, at me lét viktuge politiske vegval verta umgjorde til administrering av «pågåande utvikling».

Denne bolken av konferansen er ikkje tenkt å vera ei filologisk dryfting, men ein prinsipiell og målpolitisk grenseuppgang kring kva som er turvande for å koma på rett kjøll («1917», «1938» eller kann henda «1959» eller kva?).

4. Ordskifte um det ideologiske opphavet åt norsk målreising. «Bokstavarisisme mot Kulturrelativisme»?

Kva legg me – i dag – i norskkdom? Er det eit umgrep som fangar historiske synspunkt og veremåtar hjå pionerane i deira nasjonalromantiske fyrestellingar um det å vera norsk millom verdsens folk og nasjonar? («Røysti frå gravi»). Kann me t.d. godtaka det nasjonale organismeumgrepet åt Arne Garborg, henta frå biologien (nytta i *Den nynorske Sprog- og Nationalbevægelse* frå 1877)?

Er målsak, i lag med gamal norskkdom, nærast ekskluderande i høve til andre verdival og identitetar (etiske, religiøse og politiske)? Representerer norskkdom ei fastfrjosing av historisk tankegods, som soleis stengjer moderne menneske frå å velja nynorsk som sitt morsmål, sitt eine (av kann henda fleire) språk? Stengjer nynorsk identitet ute andre identitetar sume ikkje vil vera forutan?

Treng folket ei ideologisk-kulturell kjølhaling fyrr dei maktar å gripa kjernen i norsk målreising, eller er det fullnok å bjoda folket å gå inn i den språklege arven frå federne? Er ikkje medisinen soleklår? *Ein vel seg eit mynster og gjennomfører det!* Alt anna er utprøvt og funne for lett. For nynorsk er eit daningsprosjekt som ropar på kjærleik. Vår kjærleik. Alt anna er fåfengd leik og gravferdrituale.

Då me her, vanskeleg nok, talar um vår mytiske sjølvforståing og ikkje klokt historisk um avklædde mytar hjå «hine», er det god grunn til å søkja klårsyn ved å beda inn representantar frå ymist hald til å tala um identitet og sjølvforståing millom tevlande identitetar. Kva er livsgrunnlaget (eksistensgrunnlaget) åt nynorskt mål? Kva stend det um? Og kven bryr seg?

## Program for målstemna

### FREDAG 1. NOVEMBER

**Kl 20.30: Ola Breivega**, nestor: *Kvifor er målfolk so dumme?*  
Tal av hjartans lyst – som du lystar – men skriv nynorsk! Ei kritisk oppgjerd med rådande talemålsdialektikk i nynorsklendet.

**Kl 20.45: Sylfest Lomheim**, professor: *Nynorsk framtid?*  
Kva kann eg vita? Kva skal eg gjera? Kva torer eg vona?

Ordskiye – og kveldsæte og lauslivnad. Humor frå lygarbenken.

### LAURDAG 2. NOVEMBER

**Kl 09.00: Rolf Theil Endresen**, professor i ålmenn og afrikansk lingvistikk: *Målreising – på kva grunnlag?*  
Identitet – eit spursmål um blodsband eller val av framtid?

**Kl 10.00: Dag Jørund Lønning**, sosialantropolog: *Nynorsk – bygdenoregs salslogo?* Um lokal, regional og nasjonal identitet i eit globalt hamskiye.

**Kl 11.00:** Ordskiye fram til 12.30

**Kl 12.30:** Dugurd

**Kl 13.30: Jon Hustad**, lektor: *Skulen som forsvann – og kulturen og samfunnet som ramlar i hop.*

**Kl 14.30:** Ordskiye fram til 16.00

**Kl 16.00 – 17.00:** Kvild

**Kl 17.00:** Etter at samnorskparagrafen er daud og gravlagd av stortinget: Kva no?

**Erik Haugan**, Stord mållag: *Tannkremen attende på tuben?*  
Um realisme i vølings- og odlingsarbeidet.

**Klaus Johan Myrvoll**, formann i Ivar Aasen-sambandet: *Kvifor ikkje aasenmålet i sin beste skrud?* Her trengst storreingjering! (Ja til ei storvøla!).

Samla ordskiye fram til kl 19.00.

**Kl 20.30:** Festmiddag. Festtale av stortingsrepresentant **Inge Lønning**. Rikt kulturprogram.

### SUNDAG 3. NOVEMBER

**Kl 09.00:** Fofattarane entrar podiet i rekkja og rad:

**Karsten Alnæs:** *Høyr no her! Tak til vit!* Tankekorn frå sidelina.

**Lars Amund Vaage:** *Drep meg herre konge, men ikkje med graut!* Skal nynorsk vera eit kjærleg framelska litteraturmål eller ein stendug oppdatert filologisk statusrapport um talemålsutviklinga i Noreg?

**Solveig Aareskjold:** *Kyss meg i diskursen ... men størst er kjærleiken.* Um å hoppa i høyet i nynorsklåven.

**Johannes Gjerdåker:** *Nynorsk – ein ståstad i verda?*

**Kl 12.30:** Dugurd

**Kl 13.30:** Ordskiye fram til 15.00

**Kl 15.00:** Slutt!

### Praktiske opplysningar

Konferansestad: Norlandia Grand Hotell, Stord

Prisar: Deltaking heile helgi, inkl. mat: 1100,- per person i dubbelrom Tillegg for enkeltrum: 150,- per natt  
Deltaking heile helgi utan yvernatting: 800,-  
Deltaking berre laurdag: 400,-  
Deltaking på festen m/ festmiddag: 285,-

Påmelding: Stord Mållag, Postboks 248, 5402 Stord.  
E-post: hege.myklebust@nynorsk.no.

## Hebraisk døydde aldri ut

Redaktør Torheim skriv i Målmannen nr. 1/2002 om «storverket» åt Ben-Jehuda og at det i Israel lukkast «å reisa upp att eit mål som alle trudde var daudt». Men hebraisk var aldri daudt; det vart liksom latin og andre gamle kulturspråk studert, lese og skrive av den jødiske eliten i alle dei landa der den mosaiske religionen vart praktisert. Rett nok hadde det ikkje i si gamaltestamentlege form vore tale-språk sidan før Jesu tid (ein reknar med at

han snakka arameisk), men som D. Crystal skriv i boka *Language Death* er det snaudt rett å rekna hebraisk som døme på omgrepet språkdaude og vellukka oppatnying.

Tilsvarande kan ein ikkje segja at gamalnorsk døydde ut, endå om det skjeddde i Noreg. På Island lever dette språket framleis, rett nok med tydelege brigde i fonologien, men ein velskula islending kan utan serlege vanskar lesa

tekstar på norrønt mål.

Når det gjeld det politiske og kulturelle tilhøvet millom jødar og arabarar, er det eit so flokut spursmål at det snaudt bør dryftast i eit blad som Målmannen. Her vil eg berre segja at Torheims synsmåte er mildt sagt einsidig når det gjeld fylgjene av den sionistiske nasjonalismen som er grunnlaget for staten Israel.

**K. E. Steffens**

## Brev med ros – og ris

Bladstjorni hev fenge brev frå Hallgeir Dale i Fjell, som skriv millom anna:

«Det var kjekt å få eit nytt målblad heim i postkassen! Eg har årevis vore tingar av *Vestmannen*, men sidan eg ikkje er medlem i Vestmannalaget, var eg ikkje med i den striden som vart so hard på årsmøtet. At Marøy vart jaga frå posten som bladstyrar, var ikkje etter mi oppskrift. *Vestmannen* var eit godt blad medan han sat til rors. So var det vel slik at det låg mange både gode og mindre gode motiv attom det som gjekk føre seg under striden, men det kan då ikkje vera klokt av vestmennene å støyta ungdomen frå seg på denne måten.

Det fyrste nummeret av *Målmannen* var vel korkje sers godt eller mykje dårleg. I fyrste omgang er det vel viktigast å syna at ein har tankar om å få til noko nytt. Det er i alle høve godt å sjå at dei som tapte kampen om *Vestmannen* ikkje har fått banesår!

Mykje av innhaldet i bladet var av god gamal kvalitet. Steffens var som vanleg kunnskapsrik, klårtenkt og velskrivande. Gjerdåker er med på laget; og det er godt! Fylgjetongen av Torill Hjartåker Hauge gav god von om at meir interessant stoff er på veg. Og sanneleg var Marøy med ogso! Den karen veit mykje, og han kan argumentera! Kunne me no berre få høyra nytt frå Arne Horge med, so kunne *Målmannen* verta eit framifrå alternativ til gamle *Vestmannen*.»

Elles skriv Dale at han tykkjer det ofte er ei plåga å lesa det K. J. Myrvoll skriv – han ser for mykje attende! Og han meiner at Olav Torheim gjekk alt for langt i polemikken sin mot Mållaget.

**Dvergemålet**

## Kultur og pommefrites i Brygge

Av Ronny G. Spaans

*Namnet Belgia vekker assosiasjonar som belgisk blå, korrupsjon, grå industri og ikkje minst byråkrati og uynskte EU-vedtak. Men Belgia er ein ung nasjon, der folket hev vore kløyvt i religiøse og målpolitiske stridar. Spor finn vi i byen Brygge som er europeisk kulturhovudstad i år.*

### Brygge

I år ber den gamle belgiske handelsbyen Brygge og den spanske universitetsbyen Salamanca æra å vera europeiske kulturhovudstader. Brygge er ein av dei mest gjesta byane i Belgia og var eit stort handelssentrum i Vest-Europa i millomalderen. På slutten av 1400-talet vart elvi Zwin, som hadde sytt for godt samband til Nordsjøen, tilsanda og byen gjekk i dvale. Handelen heldt fram i Antwerpen og seinare i ein liten fiskelandsby i nord, Amsterdam, då reformasjonen og spanske soldatar herja i Nederlandti på 1500-talet.

I dag ligg desse tri gamle handelshovudstadene i tvo åtskilte land: Belgia og Nederland. Endå dei i dag er tvo land med eigne identitetar, er det viktugt å hava i minnet at dei opphavleg var eitt samla kongerike: Nederlandti. Nemningane flamsk og hollandsk er berre målføre frå den tidi makti låg i desse provinsane. Namnet Belgia er henta frå ein liten keltarstamme, men var i millomalderen det latinske namnet på heile Nederlandti – både nord og sud. Fleirtalsmålet er nederlandsk, men i sud talar dei fransk òg. Den luten heiter Vallonia.

No, dette var ein liten historisk avstikkar. Men ein viktugt avstikkar, for i mange norske oppslagsverk kann ein lesa at i Belgia blir det tala fransk, tysk og flamsk. Tvo mål og eitt målføre! Dei nederlandskspråklege belgiarane kallar seg sant nok flamlendarar og kulturen sin flamsk, men målet heiter alltid nederlandsk.

Attende til kulturhovudstaden. Tilsandingi av Zwin må ha vore ein katastrofe for innbyggjarane på denne tidi, men i dag må dei heller sjå det som ei lukke! Det gjorde sitt til at det hev vore stilt i den idylliske 1400-talsbyen til han vart oppdaga av turistmassen i dag.

### Tilskippingar i kulturåret

Kulturhovudstaden byd både på nye bygg og framsyningar. I slutten av februar vart «det fjerde tårnet» til eit nytt konserthus innvigd. Dei tri andre er det skeive Belfast-

tårnet på Stortorget og tvo kyrkjespier. Det blir sett upp tvo store utstillingar – ei utstilling med foto av 1800-tals-Brygge og ei som gjeng lenger attende i tidi og tek fyre seg handelen på 1400-talet. Klosteret «Ten Duinen» stend ope for publikum og kann bjode på ei av dei store boksamlingane i Brygge. Men byen hadde fleire fyrr. Det finst register yver bokskattane som fanst i ein nedriven katedral. Registri hev dei enno, men bøkene er sporlaust fordufta. Utstillingi «Jan van Eyck, dei flamske primitive og Sud-Europa» er høgdepunktet i kulturåret. Dei flamske primitive var pionerar innanfor faget sitt og målarstykke av van Eyck og Memling skin enno med uvanleg skarpe oljefargar. Elles kann Brygge bjode på mange av dei faste tilskippingane sine. I mai gjeng innbyggjarane i den årlege «Heilag-blod-prosesjonen». Prosesjonen hev vorte halden so og segja uavbroten sidan Flandern vart styrt av det burgundiske hoffet, og gilde, embetsmenn, brorskapar og framande utsendingar fylgde bak skrinet med det heilage blodet og sette byen i feststemning.

### Vandringar gjennom Brygge

Vi nordmenn hev lut i byen òg. Takka vere handelssambandet millom Skandinavia og Flandern på 800-talet vart kjøpstaden grunnlagd. Namnet *Brygge* er norsk og vi nyttar ordet enno. Sentrum av byen, eller *Burg*, ligg tett ved Stortorget, der det gjennom årtider hev vorte selt fisk og «moselen», som blåskjel heiter på nederlandsk. No hev tvo vogner serrett til å standa her og selja ein annan belgisk spesialitet: pommefrites med majones – ein rett som hev opphavet sitt i grannebyen Luik, der ein viss Fritz eksperimenterte med steikjing av potetskivor i vaffelbui si. Ei onnor internasjonal ovring som hev sprunge ut or Brygge er børsen. I Vlamingegata, som var den viktugste handelsgata fyrr, finn vi det gotiske teglsteinhuset til familien van der Beurse. På 1400-talet var det eit herbyrge for utanlandske handelsmenn her. Namnet til vertsfamilien liver enno i mesta alle land.

I same gata stend huset «t Ketsken», som fram til andre verdskrigen var prenteverket til flaminganten Hendrik Cayman. Flamingantane striddest (og strider enno) for rettane til nederlandsk som offisielt mål ved sida av fransk. I napoleonskrigen vart det fint og dana å tala fransk, og ikkje uventa hende det eit målskifte hjå borgar-



skapen. Etter kvart vart òg nederlandsk forbode som skriftmål. I 1898 kom nederlandsk attende som offisielt mål, men møtte enno sterk motburd. Vi kjenner den same striden frå landet vårt, men eg vil hevda han var hardare i Belgia. Cayman, som opna eit prenteverk og ein bokhandel, arbeidde for den flamske rørsle, og slik som mange uhepne flamingantar kollaborerte han med tyskarane då andre verdskrigen sette inn. Etterkrigsuppreisten var ikkje nådig. Cayman vart dømd til dauden og butikken vart plyndra og bøkene brende.

Bokbål hadde det vore fyrr i Brygge. Fire hundrad år tidlegare møtte ein protestantisk bokprentar same lagnaden. Då var byen herja av religionskrigar. Katolikkane som med spansk hjelp vann attende Brygge etter seks år med kalvinistisk styre, sette fyr på alle prenteverki til protestanten på Borgplassen og mange borgarar vart gjorde til martyrar yver natti. Det gjer inntrykk å lesa um slike endelykter når ein gjeng i mylderet av amerikanske, japanske og alskens europeiske turistar. Lufti blir stadig lyst opp av ein blitz og ein må flytja seg for kommersielle hestekjerror som kjem klakkande ned dei tronge gatone. Ordlaget «gode, gamle dagar» kjem meg i hug – som um Brygge hev vore ein kardemommeby gjenom hundradåri! Dei stressa nok mindre fyrr, men likevel er eg glad eg liver i tidi vår og namn som «Galgeberget» ikkje fær folk til å grysja ned ryggen lenger.

### Ein utkledd nykk

Gjeng ein ned Akademi-gata, kjem ein til eit lite hus med kvit klokkegavl. Her låg kontoret til «de Groenlandsche Compagnie», som sende kvalfangarskutor til kysten av Grønland på 1600-talet. Ein idé



handelsmennene hadde frå hollendarane. Og dei lukkast. 1669 var eit rekordår med ein fangst på 13 kvalar. Eit anna vått element som kjenneteiknar byen er «minnen» – vassstrolla – som spøkte under bruene. Ei onnor nemning er «neckers» eller «nikkers», som må vera ein urban ætling til vår nykk. I 1783 dukka dette trollet opp att og skapte otte i byen. Folk torde ikkje ganga ut. Det vart dana ein manngard og dei fekk has på trollet som synt seg å vera sonen til ein akta kjøpmann i saudeham. Dei lova å halde munn um identiteten hans, men neste dagen var det alt kjent kven som spela nykken i Brygge!

### Arkitekturen

På vandring gjenom kulturhovudstaden

blir ein fyrst og fremst gripen av den harmoniske og idylliske arkitekturen. Alle dei små murhusi med alskens gavlvenger: klokkegavl, spissgavl og nyare listegavl. Og ikkje minst når ein brått kjem inn i bakgarden til eit kloster. På slike stader blir det enno laga ei mengd ulike oste- og øltypar. Belgia kann skrøyte av ikkje mindre enn 800 slag øl. Og her finn ein lange blomsterbed og blanke innsjøar der antikke murfasadar speglar seg med eføyflettor i vatnet. Kjærestepar blir nomne i føtene av slik prakt!

Men enn kor romantisk og mil-lomaldersinna ein blir, er storparten av husi i byen av nyare dato. Jamvel um Brygge stort sèt hev vore ein stillståande by etter 1400-talet, hev ikkje byen vore spara for store bybrandar. Mange storfelde bygningar hev gjenge opp i røyk so bybilætet hev endra seg totalt og mil-lomalder-Brygge med alle trehusi berre er å finne i sogebøkene. Det som serleg hev gjeve Brygge fasaden han hev i dag, er den nygotiske eller nybrugske stilen frå fyrre hundradårsskiftet. Denne stilen gjev Brygge illusjonen av å vera ein urørt millomalderby. Men det er ingi hindring! Stoggar ein på Borgplassen og kikar på ornamentet til «Heilag-blod-kapellet», er det same kva tidsalder bygningi er frå. Kapellet er eit lite meisterverk! Og det er heile Brygge med – eller «Nordeuropas mest idylliske by» som Sigbjørn Obstfelder kalla staden i eit av brevi sine.

## Klår melding frå Bokn

I Haugesunds avis kann me lesa at kultursjefen i Bokn, som attåt er bladstyrar for Bokn bygdablad, meiner at heradet bør byta til nynorsk med grunn i «utviklingen med en dialekt som stadig mer nærmer seg bokmål». Her ser me den herlege talemålspolitikken åt Noregs Mållag dei seinste tretti åri sett um i praksis: «Skriv som du talar – skriv bokmål!».

Og som du spyrr, fær du svar: Rektoren på Bokn skule kann vera samd i at «dialekten» (les: talemålet) nærmar seg litt bymålet i Haugesund, men «mener at vi i Bokn snakker en nynorskpreget dialekt og at vi skal holde på nynorsk som skriftspråk». So det so!

Den sterke vektleggjingi av talemålet som (einaste?) grunnlag for val av skriftmål, fører oss ut i eit banalt ordskifte der det beste forsvaret for nynorsken vert: «Nei, talemålet hev ikkje brigdt seg so mykje i bokmålsleid; det likjest då mest på nynorsk enno.»

Då er det godt at me hev talemålsgranskarane på vår sida. Eg gjev ordet til Gunnstein Akselberg: «Det er vanskeleg å peika på nokon klar tendens i den tale-språklege utviklinga, men ho går ikkje i retning av eit bokmålsnært nasjonalt standardtalemål.» (*Kampen for språket*, s. 210). Men mistrui trengjer seg på: Kann det vera at kultursjefen i Bokn hev større

klårsyn i dette spørsmålet enn norderlensk-professoren i Bergen?

Då Vidar Lund og Magnus Bernhardsen i Noregs Mållag sagde frå um oppslaget i Haugesunds avis på Mållagslista (e-postlista for mållagsmedlemer), var det utan nokon kommentar. Kann henda er fylgione av den politikken Mållaget fører for sterke å svelgja, jamvel for Mållaget sine egne?

**Klaus Johan Myrvoll**

Les meir um Bokn-saki på netet:  
[www.haugesunds-avis.no/apps/pbcs.dll/artikkel?AID=2002401819653](http://www.haugesunds-avis.no/apps/pbcs.dll/artikkel?AID=2002401819653)

## Eit fenomen og ein koloss

Av K. E. Steffens

*Finn Abrahamowitz:  
Grundtvig Danmark til lykke  
Høst & Søn  
København 2001*


«Sådan kan man ikke gøre i Grundtvigs land» er ei ytring som heilt fram til våre dagar var naturleg i dansk politisk ordskifte. Det segjer noko om formatet til denne mannen: han er ein dansk «koloss» og enno ei levande kraft i langt større grad enn Bjørnson, den det er lettast å samanlikna honom med i vårt land.

Grundtvig er ei biografisk utbjøding: han var skriftleg produktiv i bortimot 70 år (skulle alt han gav ut prentast, hadde det fylt om lag 130 band), var aktiv og kontroversiell når det galdt kyrkje, skule og politikk, var gift tri gonger, og ved si manisk-depressive legning er han noko av ei psykiatrisk utbjøding òg.

Litteraturen om honom er sers omfangsrik, ja ein kan beint fram tala om ein «industri», om enn ikkje so produktiv som når det gjeld Kierkegaard, for han høyrer heile verda til, medan Grundtvig i det store og det heile er «lokalisert» til Danmark.

Finn Abrahamowitz hev tidlegare skrive bøker om Freud og Jung, men det er eit gledeleg faktum at der i *Grundtvig Danmark til lykke* ikkje er det minste far etter teoriane deira. Ein vert so trøyt og leid av den mekaniske, storkna og ufræve psykologiseringa, oftast bygd på Freud, som er vorte noko av ei biografisk tvangstrøye. (Elles er det helst i litterær teori at Freud hev funne ein nisje og overlever. Som teori og terapi er psykoanalysen i dag so svekt og motprova at han truleg liksom marxismen kjem til å gå inn i sofa som eit døme på rang tenkjing og storfelt sjølvdåring.)

Lat meg med ein gong slå fast at Abrahamowitz hev skrive ei framifrå god, rik og varm bok om ein mann som han aktar høgt, ja er glad i, men utan å missa det kritiske fråstandet som ein reflektert biograf bør ha til emnet sitt. Han er utdana psykolog, arbeidde i fleire år på folkehøgskular og hev skrive romanar; bakgrunn og røynsle som gjev honom serlege fyresetnader for empatisk innleving i og forståing av det ein kan kalla fenomenet Grundtvig. Han gjer det klårt at det faktiske grunnlaget hans er Rønnings verk i fire band (1907–14), og



på sympatisk vis takkar han dei forfatarane han fører opp i litteraturlista si. Boka hev namneregister, men ikkje noteapparat, og det kan vera ei veile dersom ein ynskjer å sjå nærmare på kjeldene og korleis dei er nytta. Diskutabelt er det òg at sitat er overførde til moderne dansk språk og rettskriving. Noko av den historiske dåmen kverv, men sjølv sagt ber det ikkje so gale av stad som i vårt land der ein må til større bibliotek eller antikvariat dersom ein vil ha tak i autentiske tekstar av klassiske forfatarar. Samspelet millom det sjuklege og det skapande hjå Grundtvig vert godt dryft: Grundtvigs legning var manisk-depressiv, og han hadde fire ålvorlege åtak, det siste i 1867. Utan tvil dreiar det seg om ein erveleg disposisjon frå farsida: ein grandonkel var plaga av «en fast utrolig Frygt og Sjøleangst», og ein farbror drukna seg i depressivt tilstand. Fysisk sett er det tale om jarnhelse: i lange periodar gjekk han aldri skikkeleg til sengs; han lukubrerte, sov i stolen eller la seg på divanen ei stund.

Abrahamowitz legg stor vekt på striden millom liv og daude, ljøs og myrker som eit grunndrag i Grundtvigs hug, og ein kan vel segja at det lett maniske hadde overtaket og forklarar trongen til strid og det provoserande ved mannen og verket. I si klårt sjuklege form ytra det seg som tap av hemningar og ukritisk tru på seg sjølv og den rolla han var etla til å spela. Men i siste instans er genialitet noko gåtefullt uforklårleg: mange hev ymse sjelelege «lekkasjar», men sers få greider å omsetja dei til skapande innsats.

Som nemnt ser Abrahamowitz veikskapar og veiler ved Grundtvig, men ein kunne kanskje ynskt ei klår og fast oppsummering av kva det er ved mannen og

verket som berre hev historisk interesse i dag og kva som framleis er levande impulsar.

Grundtvigianismen i opphavleg og trong tyding, tanken om det levande ordet frå Jesu eigen munn som grunnlag for dåp og nattverd og formulert i den apostoliske truvedkjenninga, er det snaudt nokon som held fast ved i dag. I det store og det heile er Grundtvig som historikar uaktuell i vår tid: det jødisk-kristne synet på sofa verkar i dag hjelpelaust einseitig og «provinsielt» og blømer berre hjå religiøse fundamentalistar. Heller ikkje synet hans på det førkristne åndslivet i Skandinavia er det sæt i. Til dømes er tolkinga hans av dei norrøne mytane til lita hjelp for dei som granskar germansk religion i dag. Som politikar var han òg stort sett eit barn av si tid. Han såg ikkje fylgiene av den styvne danske politikken andsynes hertugdøma og studde den nasjonalismen som førde til nederlaget i 1864. Rett nok slær Abrahamowitz fast i fyreordet til boka at Grundtvig var korkje nasjonalist eller rasist (s. 7), men det er eit stort spørsmål om ikkje kjærleiken hans til det folkeleg-danske førde honom – og kanskje biografen hans òg – på villspor. Eg kan ikkje sjå at Grundtvig nokon stad hev greidt å skilja ut og på klårgjerande vis peika på eit varande serdrag, ein dansk essens, som er noko meir enn eit påstand eller eit subjektivt og vilkårlig skyn. På dette og på andre omkverve er han ugjenomtrengeleg uklår, og Abrahamowitz markerer godt dette draget ved Grundtvig når han på s. 212 ff dryfter kva som kan liggja i uttrykket «det levande ord». Men dersom nokor dansk folkesjel, eller med eit moderne og meir «vitskapleg» ord *identitet*, aldri hev eksistert som anna enn subjektive og historisk skiftande fyrestellingar, då sviktar ein viktig berebjelke i Grundtvigs historiesyn og mykje av strevet hans må vera bygt på illusjonar. Då kan dei ulike folka som me møter i verdssoga snaudt vera «guddommelige Experimentar», og det er helst Kierkegaard med front mot Grundtvigs beint fram «maniske» vektleggjing av sofa som hev rett med si poengtering av «hiin Enkelte».

Ein kan truleg litt provoserande segja at ein del av Grundtvig vart sitjande fast i det nasjonalromantiske klisteret etter at han hadde forkasta det universalroman-

tiske synet på verda og livet som han hadde soge inn frå den tyske idealismen og vart ortodoks lutheranar. Eit strids-spursmål i Grundtvig-granskinga gjeld tesen til Kai Thaning: frigjorde han seg so ved *eit brot* frå ortodoksien, eller dreiar det seg om ein meir uklår framvokster som ein ikkje som Thaning kan tidfesta til 1832? Abrahamowitz er so vidt eg kan sjå mest samd med Thanings kritikar Pontopiddan Thyssen, og eg hal- lar sjølv til eit slikt syn.

Kor som er: Grundtvigs «Menneske først, og Kristen saa», opna for ein kul- turopen humanisme der mykje av det ser- merkt kristne vart marginalisert, og ofte vart tomromet fylt med nasjonalisme, som i stor mun er eit religionssurrogat. Dette var ikkje noko Grundtvig sjølv

arbeidde for, endå om han stundom kom fårleg nær ei religiøs dyrking av det han opplevde og hypostaserte som dansk folkeånd. Men det høyrer nok til den menneskelege veremåten at der i alle livssyn, ideologiar og filosofiske bygg- verk er spaningar og meir eller mindre sjøvdestruktive potensial som skapar usemje, kløyvingar og sekterisme.

Grundtvigs motstandarar såg tidleg dette «ulutherske» potensialet, og serleg vart det markert i Noreg der Caspari og Gisle Johnson kraftfullt og effektivt motarbeidde grundvigianismen med his- toriske og dogmatiske argument. Ein kunne ynskt at Abrahamowitz tok opp og dryfte slike grunnleggjande innvendingar mot Grundtvigs antropologi og histo- riesyn, og underleg tykkjer eg det er at

han ikkje nokon stad nemner Kierkegaard og hans beiske kritikk av ein mann han omtalte som «en jodlende Friskfyr, eller en brølende Grovsmed».

Men, og det er eit viktig men: Grundtvig var ein stor lyrisk diktar! Her kan ein utan tvil tala om genialitet og levande kraft, og serlig i salmane er der mykje som er merkt av «Aanden fraoven» for å nytta eit ord av Hamsun. Dette kjem ypparleg fram i denne biografien, som er so å segja «gjenom- syra» av sitat frå Grundtvigs rike lyriske produksjon.

Eg vil slutta med denne oppmodinga: Kjøl, grip og les!

*Eit nedstytt avbrigde av denne melding i stod på prent i Dag og Tid 9.2.2002.*

## Frie menn bed ikkje grannen um ord

### Islensk målreinsing og måldyrking

Av Torill Hjartåker Hauge

*Målmannen prentar andre stykket i ein føljetong på fire bolkar*

#### Andre bolken – Islensk målreinsing

Eit levande mål må brigda seg um det skal yverleva i vår skiftande verd. Jamvel eit tusundårsmål som islensk må taka til seg nye ord for nye ovringar.

Grovt sèt kann ein tala um tri vegar å skaffa seg nye ord på. Den breide og lett- aste vegen gjeng me når me *tek framand- ord beinveges inn* frå andre mål og brukar deim slik dei er. Denne vegen nyttar me ofte i norsk, t.d. når vi skriv «overhead» og «service». Millomvegen krev noko meir møda og tilvenjing. Her måtar me ordi til vårt eige mål i skrift og tale. Ei slik fornorskingsbylgja skyldte yver oss i 1996 då det vart lov å skriva «overhedd» og «sørvis». Den tredje vegen er tung å trø. Det er vegen du lagar sjølv. Her skal ikkje framande ord nyttast i det heile. Me må finna *avløysarord* i vårt eige mål. Um ordi ikkje alt finst, må me laga deim. På heilnorsk vis må me segja og skriva «ljoskastar»/«skriftkastar»/«yverskalle- kastar» og «tenesta».

Ikkje berre med grunn i ordtilfanget, men serleg med grunn i det rike bøygingssystemet er den breide vegen fårleg å ferdast på for islendsken. Framande ord høver sjølvsagt ikkje beint inn i dette systemet. Tek ein framande ord inn beinveges, kjem stendig fleire ord til å ganga utanom bøygingssystemet. Då er

det fåre for at språkbrukarane smått um senn misser vyrdnaden for det. Dei ser ikkje poenget med det og lèt det langsamt kverva burt. Det kann tyda dauden for islendsken. Berre sjå på norsken, kann dei segja, kor formfattig og utarma den er vorten; eit heilt anna mål enn det form- rike norrøne målet. Eit minstevilkør for framande ord når dei stend ved grensa til den offisielle islenske målheimen er difor at det kann måtast til det islenske målsystemet, det tyder at dei vandrar den millomste vegen. Dette arbeidet kann ein kalla «målreinsing», **målreinsing**. Ein vaskar dei verste framande merki av soleis at ordet kann standa fram som nokolunde sømeleg islensk.

Eit klassisk, mesta parodisk døme på slik tilmåting er *monningur*. Ordet hev fenge plass i *Íslensk orðabók fyrir skóla og skrifstofur* med merket «?» attmed. «?» tyder «vónt mál» (ringt mál) og er ei klár átvaring til målmedvitne islendingar. Ordet er då helder ikkje i vanleg bruk. Her hev ein teke det engelske «money» og ført det inn i fyrste klassen for sterke hankynsord med å setja til *-ing-* og *-ur-* endingane. Dimed kann ordet bøygjast likt med «peningur» som er det heil- islenske alternativet for same sak.

Eit meir vellukka tilmåtingsord er *jeppi*, eit ord og ei ovring mange islendingar er nøydde å bruka dagleg. «Jeep» hev dei utstyrt med dubbel konsonant og

trykklett *-i* soleis at ordet høver glatt inn i klassen for linne hankynsord. Vandare er det å reinsa adjektiv som i tillegg til tal og kasus skal bøygjast etter kyn og. Adjek- tivet «smart» skulde etter islensk reins- ing bøygjast *smartur maður – smört kona – smart barn*. Ein skulde ikkje tru det var noko problem, men det syner seg at islendingane vegrar seg for å taka i bruk umljod (vokalveksling) på lånord. *Smört*-formi er ikkje vanleg å høyra, i staden vert både mann, kona og barn kalla *smart*. Ordet lokkar dei med andre ord til å ganga utanum målsystemet og bruka ordet utan bøygingssendingar. Dette tilfellet er eit illevarslende nederlag for bøygingssystemet og styd uppunder otten for at framandord skal undergrava det, jamvel um ein freistar å reinsa deim.

Tryggast er det difor å vandra den smale vegen, å greida seg utan framande ord. Strævsam er han, men ære og sømd hev han gjeve islendingane, og morosam er han å fylgja med på. Han set islendingane sin «hugarflug», fantasi, i sving. Her duger det ikkje lenger å tala um mål- reinsing. Her er det ikkje tale um å luka burt framandt ugras, men å dyrka fram eigne frø. Her må ein tala um «målreikt», **måldyrking**.

*Framhald i neste nummer ...*

## Forvitnelege Aasen-skrifter?

Av Anders Moe

*Målsamlingar 1855-1861 av Ivar Aasen*  
*Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet. Serie A.*  
*Tekster nr. 7.*  
*Norsk Bokreidingslag, Bergen 2001*

Bokrekkeja åt Norsk Bokreidingslag med målsamlingar av Ivar Aasen er no komi fram til sjuande bandet og 1861. Kladden til *Dansk-Norsk Ordbog*, som er band nr. 10, kom alt i 2000, so når Bokreidingslaget melder at det åttande bandet skal koma i år, er det likt til at tibandsverket skal verta fullført – kva no det skal vera godt for. Desse målsamlingane er berre notat til *Norsk Ordbog* frå 1873, som hev vorte prenta upp att mange gonger – ny utgåva med latinsk skrift er i kjømdi, og den fyrste ordboki frå 1850 kom i ei slik nyutgåva i 2000. Med dette er alt Aasen vilde leggja fram for ålmenta av målføretilfang å få. Um det er noko nytt i dei kladdane Ivar Aasen-instituttet legg fram, må ein vel tru Aasen hadde sine gode grunnar til ikkje å taka det med i ordboki.

I dei fyrste seks bandi galdt i minst kvart notathefte eitt målføre eller distrikt, med ei lista yver forvitnelege ord og ei verdsetjing av kor mykje gamalt måltø som var halde i hevd i målføret. Redaktørane skriv i fyreordet at dei vonar at målsamlingane kann nyttast til å røkja etter ordgeografien, men desse stutte ordlistone er diverre lite høvelege til det; det var ikkje alltid Aasen skreiv upp ord han meinte han hadde frå fyrr. Aasen såg ikkje på dialektgranskning som eit mål i

seg sjølv, so han filtrerte og sorterte det tilfanget han skreiv upp, og gjorde seg snøgt ferdig med «forvanskede» målføre der det ikkje var att mykje frå norrønt. I ei rein målføregranskning lyt ein jamvel taka med mistydde ord som *undervisitet*, *hundbuk* (=humbug) og *sukkerlade*; innsamlingsferdi hans Aasen hadde eit anna siktemål.

I bolken 1855–1861 reiste Aasen berre småe turar og skreiv upp stutte listor yver ord han hadde funne i livande bruk. Det einaste desse ordlistone som no er lagde fram fortel, er kva for nokre målføreord som var nye for Ivar Aasen i kvart av desse åri. Ikkje alt dette tilfanget er slikt Aasen sjølv hev samla inn, noko av dette er henta frå ordlistor folk hev sendt honom, og nokre av desse ordlistone er jamvel prenta fyrr. Attåt kjem den store ordboki hans Hans Ross med tillegg til ordboki hans Aasen, so no er det ikkje mykje av måltilfanget i kladdane etter Aasen som i røyndi er nytt. Og det som eventuelt er nytt, er ikkje lett å finna: kladdane er prenta som dei er. Mang ein lesar vil nok undrast um ikkje materialet kunde vore sortert og systematisert på einkvan måten, når det no likevel er so mykje som tri redaktørar sysselsette med dette bokverket, attåt dei namnlause skrivemaskindamone som gjer arbeidet med å lesa handskrifti hans Aasen.

Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset er kreditert som redaktørar, men det var Moltke Moe som ein gong i tidi

gjekk igjennom det lasset med handskrivne kladdar Aasen lét etter seg og sorterte hefti. Det arbeidet som stend att, er å syna vegen frå kladd til ferdig verk. Stephen Walton gjorde noko av dette i *Ivar Aasens kropp* i 1996, men han var sjølv i handskriftarkivet på Nasjonalbiblioteket, og dit lyt framleis alle forskarar som vil arbeida med det same taka vegen, for denne serien inneheld ikkje kvart einaste notat til *Norsk Ordbog*; berre reinskivne fyrearbeid som vart nytta i det vidare arbeidet. Vanlege lesarar vil ikkje setja seg ned med denne boki for å finna ut kva for nokre ord Aasen noterte for fyrste gong i 1860, so kven er denne utgjevingi til for?

I dei åri Ivar Aasen-selskapet hev gjeve ut alle desse bøkene med fyrearbeid til *Norsk Ordbog*, hev selskapet berre gjeve ut ei einaste liti bok i skriftserie B, «Ivar Aasen-studiar». Heller ikkje hev selskapet gjeve ut den av kladdane hans Aasen som verkeleg hadde vore forvitneleg; «Målfusk»-avhandlingi som han enno emna på i 1887, der han segjer si meining um målbruken hjå dei som trudde dei skreiv landsmål. Denne avhandlingi kunde gjeva ålmenta naudsynt hjelp til å skriva mynstergild, idiomatisk nynorsk; usystematiserte dialektglossar hev me alt låven full av. Eg ser mange oppgåvor for eit Ivar Aasen-selskap, og å gjera noko til å tryggja kladdepapiri hans Aasen for ettertidi er ei av deim. Men ein treng ikkje prenta tilfanget berre for å sikra det.

## Ein halling syng ut

*Or eit brev frå Embrikk Skøro (1896-1976) til Svein Nestegard april 1962:*

«Det er berre so ille at ikkje den oppnemnde sokalla Norsk språknemnd, som skal stella med det framtidige norske målet vårt, ikkje heller meir fyl etter i prof. Midttun si line, som verkeleg gjev oss det høg-norske vakre målet att ublanda og sterkt liksom Ivar Aasen hadde staka leidi ut åt det. Men i staden er det «det Kohtske rot» (...)

Språknemndi, som skal peika ut vegen for målutviklingi i framtidi, burde heller fylgja prof. Midttun si ekta norske leid mot eit godt sernorsk mål, bygt på det beste i talemålet vårt, enn at dei tuklar seg burt og lagar i hop den samnorske grauten

som me fyrst fekk ein sers litenvoren tillokkande smakebit på (...)

Men då altso 1938-rettskrivingi kom, ho som t.d. den kjende målpresten, res. kapelan Eigil Lehmann i Fana ved Bjørgvin, skreiv det um (...) at det var det råaste og styggaste åtaket som vart gjort på det nynorsk målet. Harde ord, men den høg-norske presten, som er vel kjend for å segja si meining og aldri leggja fingrane imillom når det gjeld å hevda sanning og rett etter hans syn – har vel ogso det grannvore måloyre til å høyra kor misljo-den skurrar. Me andre jamne «gamlekarane» innum mållægeret har då heller aldri hatt noko sers mykje til overs for den radikale snunaden målutviklingi fekk ved rettskrivingsumboti av 1938. Radikalt ja

på sin måte, endå det var i konservativ leid steget vart teke med ymse «radikale» (um me skal nemna det for det) tilnærmelsar for nynorsken mot riksmålet. (...)

Nei, lina for det nynorske framtidsmålet skul' vera det vene, reinskirsla høg-norske målet som dei gamle meistrane nytta med professorane Hægstad og Seip-pel i brodden, og som Arne og Hulda Garborg, Jens Tvedt og sist, men ikkje minst, vår eigen Olav Sletto har slipt og forma ut i si høglagde og sermerkte dikting, til det mest kunstfullenda mål nokon kan nå fram til. (...)

(Henta frå *Helsing frå 'n Fjellkall. Embrikk Skøros skrifter i utvalg*. Samla og redigert av Bjørg Leidal 2001, s. 139-141.)

## Dikt av Hugo von Hofmannsthal

Ved Johannes Gjerdåker

Hugo von Hofmannsthal vart fødd 1. februar 1874 i Wien. Alt i 16-17-årsalderen gav han frå seg dikt som vart mottekne med gleda og undring i vid umkrins. Som bråmogen lyrisk diktar kann han minna lesaren um den franske Arthur Rimbaud som innan han var 20 år gamal skapte ei ny lyrisk dikting, og so lagde pennen burt for alltid. Hofmannsthal heldt fram med å dikta etter at han var 25 år gamal òg, men då var det operatekstilar til tonar av Richard Strauss og prosa han skreiv.

Det var eit mangfaldigt og rikt miljø for musikk, dikting, filosofi og teater i Wien i tiåri fyre den fyrste verdskrigen. Det var her Siegmund Freud grunnlagde psykoanalysen, og filosofen Ludwig Wittgenstein voks opp i dette miljøet, som òg Hofmannsthal hørde til.



Diktet «Fyre dag» – etter tysk «Vor Tag», er forma i blankvers med fem jambar i kvar line, utan rim. William Shakespeare og andre engelske diktarar bruka blankverset mykje, og fyrebilætet kjem derifrå. Stemning, landskapskildring og forteljing i dette diktet innvarslar den nye, våre merksemdi som fylgde med modernismen: Bilæti av Jesus og mor hans på brui yver elvi, som er med i forteljingi, er døme på ein katolsk skikk som er utbreidd i fleire land enn Austerrike. Her i diktet talar dei og er med i handlingi.

Som dei andre lyriske dikti hans er dei frå tidi millom 1891 og 1899. Hugo von Hofmannsthal døydde 15. juli 1929.

### Dei tvo

Ho steig med staupet i si hand  
um munnen var ho lik dess rand –  
so lett og trygg var hennar gang  
at knapt ein drope utom sprang.

So fri og stødug var hans hand.  
Han reid inn på den unge hesten,  
og stilt, i tankeløysa nesten,  
heldt han sin gangar fast i band.

Men då han tok av hennar hand  
det lette staupet upp mot munnen,  
var det for tungt åt båe tvo,  
for båe skalv og bivra so  
at ingi hand den andre fann,  
og myrke vinen rann på grunnen.

### Fyre dag

No ligg i rykkingar på himmelrandi  
uvêret, samansokke i seg sjølv.  
No trur den sjuke: Dag, no skal eg sova,  
og lèt att heite augnelok. No strekkjer  
kviga i fjøset sterke naseboror  
mot kjølig morgonluft. No stend han upp  
i tagalt djup av skog ein luffar, uflidd,  
frå mjuke sengi si av fjorårs lauv  
og hiv med skamdjerv hand ein stein, han finn,  
imot ei duva som flyg svevtung upp,  
han støkk og rys når steinen fell so dump

og tungt til bakken att. No strøymer vatnet  
plent som i lag med natti, burtgøymd no,  
det ville sturta seg i myrkret, vilt,  
stengt inne i seg sjølv og kaldt; i medan  
uppe på brui Frelsaren og mor hans  
heilt stilt, heilt stilt der talar saman, stilt,  
og lel er deira vesle tale evig  
og varer endelaust som himlens stjernor.  
Han ber sin kross og segjer henne; «Mor mi,»  
d'er alt, ho svarar: «Å, min kjære son.»  
No talar jord og himmel stumt i lag,  
fortrykt på tvo manns hand. So gjeng ein kuls  
igjennom denne tunge gamle jord:  
Ho gjer seg klar for ny dag. No grått ljøs  
vil stiga upp som skrymt ikringom. No  
stel seg ein skolaus frå ei kvinneseng,  
spring lik ein skugge, klatrar som ein tjuv  
inn gluggen til sitt eige rom og ser  
i spegelen seg sjølv; brått stend han rædd  
og ser imot ein bleik, forvaka, framand  
just som um denne hadde no i natt  
drepe den gode guten som han var  
og no kjem hit, og her vil vaska seg  
i fatet til sitt offer, som til spott.  
Og difor er det himmelen vil trykkja  
og alt i lufti er so merkelegt.  
No gjeng ei fjøsdør. Og no er òg dag.

*Or boki* Tranene til Ibykus. Klassisk og romantisk  
tysk lyrikk, *Det Norske Samlaget* 2002.

## Brevskiftet millom Myrvoll og Språknytt

### Etter avvisingi av stykket «Korso kunde dei gjera noko slikt?»

I fyrre nummer prenta me «Korso kunde dei gjera noko slikt?» – eit stykke av Klaus Johan Myrvoll som redaksjonen i bladet Språknytt hadde avvist. Etter påtrykk frå mange lesarar som undrast på korleides det gjekk vidare i brevskiftet millom Myrvoll og Språknytt, prentar me her framhaldet. Avvisingsbrevet frå redaksjonen stod i fyrre nummer i lag med stykket åt Myrvoll.

### Fyrste brevet frå Myrvoll

Oslo, 16. april 2002

Til  
kontorsjefarne i Språkrådet  
bladstyrarane i Språknytt

#### I samband med avvising av stykke

Eg fekk avvisingi dykkar av stykket mitt «Korso kunde dei gjera noko slikt?» i dag, og må segja at eg undrast noko yver avgjerdi dykkar. Eg meinte eg hadde oppdaga ting som kunde vera forvitnelege for mange fleire enn eg, og etter som emnet var eit vedtak som Språkrådet hadde gjort, totte eg Språknytt var ein høveleg plass å trykkja det.

De grunnjev avgjerdi um å avvisa stykket med at dei mistaki eg peikar på, som de kallar skuldningar mot Språkrådet og fagnemndi, etter dykkar syn «byggjer [...] på ein del mistydingar». Brevet segjer inkje um kva for nokon mistydingar det skulde vera, og eg vert yverlaten til eigne gissingar. Eg hadde sett stor pris på um de kunde segja grant kva det er de meiner eg hev mistydt.

Framleides meiner de at «framstillinga er ikkje pedagogisk nok for lesargruppa vår». Eg hadde rekna med ein

lesarkrins som er forviten etter mål og måloveringar, og hev freista so godt eg kann å skriva so klårt og endeframt som råd. Det er ikkje til å koma undan at ein må koma inn på ymse tilhøve som krev noko bakgrunnskunnskapar, men det trur eg mange av lesarane av Språknytt hev. Men eg kann godt ganga gjenom stykket å nyo og sjå på um ymist kann gjerast meir lettskynlegt, men då må de hjelpa meg og segja frå kvar de trur lesaren fær vanskar med å hanga med.

De segjer at «skulle det faglege resonnementet leggjast fram i heile si breidd, ville det dessutan krevje for mykje av plassen i eit såpass lite blad». Dersom de meiner at dryftingi mi ikkje er lagd fram «i heile si breidd», er eg usamd. Men dersom de meiner at stykket mitt er for langt som det er, vil eg få peika på at det er på 1800 ord, som ikkje er noko stygglangt, jamvel for Språknytt. Til dømes veit eg at det hev vore stykke på både fjore og fem sidor i bladet fyrr, og lenger nede i brevet opnar de for at eg kann skriva eit stykke på 1000-1500 ord. Det er ikkje langt undan.

Eg skynar ikkje heilt kvifor de vil hava meg til å skriva eit heilt nytt stykke, i staden for å taka utgangsstøde i det eg alt hev skrive og som eg hev arbeidt mykje med. De ynskjer ei «populær framstilling» av ord og former med tydingi 'korso, korleides' i målføri. «Då bør bruken og formene i samtidsnorsken vere viktigast», heiter det i brevet, men dersom eg berre skal samla meg um notidsformerne, vert det syrgjelegt lite å skriva anna enn at *hoss, koss, korleis* osv. er ulike ord for det same. Er det ikkje eit mål for eit blad som Språknytt å hava med litt um målsoga òg? Røynsla mi er at folk er meir forvitne etter å lesa um

upphavet åt ord og samanhengen millom deim enn lange utleggjingar um bruket i dag (det kjenner dei frå fyrr).

Heilt til slutt legg de til: «Regelen for publisering i Språknytt er at forfattaren bruker gjeldande rettskriving.» Eg reknar med at de hev teke med dette av di de ikkje likar at eg skriv norsk meir i samsvar med dei fyresegnerne som Ivar Aasen sette upp, enn det som er vanleg i dag. Ein skulde tru at de skyna at eg skriv som eg gjer ut ifrå ei yvertyding um at det er den beste og klokaste måten å skriva norskt mål på. Eg meiner Språknytt hev alt å vinna på å visa litt storsinn i denne saki, og sleppa til ei rettskriving som ein gong var den einaste for norsk.

Eg vonar på snarlegt svar.

Med beste helsing  
Klaus Johan Myrvoll

### Andre brevet frå Språknytt

Oslo 24.4.2002

Klaus Johan Myrvoll

Takk for brevet. Språknyttredaktørane og kontorsjefane bruker ikkje å gå inn i diskusjon om innhaldet i artiklar. Dei held fast ved at artikkelen ikkje passar i Språknytt. Sidan du ikkje er interessert i å skriva nokon ny artikkel, er det ikkje meir redaksjonen kan gjere.

Venleg helsing

Åsta Norheim  
redaksjonssekretær

### Gode nynorskbocker til sals

**Theodore Slette: Norsk-engelsk ordbok** (1977), 1326 sidor, stort og sermerkt norskt ordtilfang - umissande for filologar og skriveglade nynorskingar. Ny slitesterk innbinding, kr 200,-.

**Asgeir Olden: Juridisk ordliste** (1987), frå bokmål til nynorsk, siste resten av 3. opplaget, 94 sidor, full av gode norske avløysarord. Kr. 80 pr. bok. NB! Berre fåe næme att.

**Eg vil so gjerne syngja** - ny songbok med klassiske songar, utgjevi i november 2001. Tradisjonell rettskriving i songane.

Utval og notar ved Arild Torvund Olsen, 88 sidor, kr. 100. Kjøp gjerne fleire bøker, me gjev avslag. Frå og med 10 bøker kr 80,- pr. bok, f.o.m 100 bøker kr 60 pr. bok. Ei framifrå bok til allsong på møte, festar og andre samkomor.

Frakt kjem i tillegg til bokprisen.

Tinga frå oss:  
**Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo**  
**Grensa 8**  
**0159 OSLO**

E-post: [tinging@runbox.com](mailto:tinging@runbox.com) / Tlf: 22 42 63 00



## Andre brevet frå Myrvoll

Oslo, 3. mai 2002

Til  
kontorsjefarne i Språkrådet  
bladstyrarane i Språknytt

### Kva for nokre mistydingar?

Eg viser til brev frå Åsta Norheim dagsett 24. april i år. I det fyrre brevet mitt, dagsett 16. april, peika eg på ei rad tilhøve ved avvisingi av stykket mitt som de ikkje ynskjer å svara på, av di «språknyttredaktørane og kontorsjefane bruker ikkje å gå inn i diskusjon om innhaldet i artiklar». Dette tykkjer eg er sers merkelegt, med di det er vanlegt å få ei sakleg grunngjeving for kvifor eit bladstyre ikkje ynskjer å taka inn innsende stykke. Det held ikkje å segja at «dei held fast ved at artikkelen ikkje passar i Språknytt».

Eg hev enno ikkje fenge greida på kva for nokre mistydingar eg skal ha gjort då eg skreiv stykket. Tykkjer de ikkje at eg hev rett på å få vita kva som etter dykkar mening er rangt med stykket mitt, so eg i tilfelle kann få retta det upp? Når dét var ein avgjerande grunn til at de avviste stykket, kann eg ikkje skyna at det skulde vera noko vanskelegt å fortelja meg kva det er. Eg hev helder ikkje fenge nokor rettleiding um kva som ikkje er «pedagogisk nok for lesargruppa vår».

Heilt til slutt i brevet frå 24. april slær Norheim fast at eg ikkje er forviten etter å skriva noko nytt stykke. Det eg sagde, var at eg ikkje skyna kvifor de vilde hava meg til å skriva eit heilt nytt stykke, i staden for å taka utgangsstøde i det eg alt hev skriva og som eg hev arbeidt mykje med.

Eg vonar de vil gjeva meg ei skikkeleg grunngjeving på kvifor de ikkje vil prenta stykket mitt, der de gjeng inn på kva for nokre mistydingar de meiner at eg hev gjort. Um ikkje, kann eg ikkje sjå anna enn at de bør draga avvisingi attende.

Med beste helsing  
Klaus Johan Myrvoll

## Tridje brevet frå Språkrådet

24.05.02

SVAR PÅ BREV

Me viser til brevet ditt datert 3.5.02 om innlegget du sende inn til Språknytt. Det er heilt urimeleg å krevje at ein redaksjon skal grunngje i detalj kvifor han avviser eit innlegg, og heller kan ikkje ein redaksjon bruke arbeid på å gje rettleiing i korleis ein artikkel bør skrivast populært. Det er normalt at innsendarane må godta vurderingane som redaksjonen kjem med, t.d. om at ein artikkel ikkje høver med profilen eller lesarkrinsen som bladet har. Språknytt er ikkje noka avis, og derfor vert nok også siktinga av artiklar strenge.

Einast på eitt punkt kan me gje deg rett: Du har krav på ei betre forklaring enn berre ordet 'mistyding', som me brukte i avvisingsbrevet. Mistydinga ligg i første avsnittet der du påstår at fagnemnda ville «taka burt formene *hoss*, *hossen* og *koss*, som dei meinte var sideformer åt spyrjeordet *korleis*», og du skriv vidare som om fagnemnda meinte at dei tre fyrste formene var «former av ordet *korleis*». Ettersom artikkelen etterpå handlar om etymologi, må «vere former av» tolkast som 'historisk avleidde former av same opphavet'. Noko slikt har fagnemnda aldri uttalt, og sjølvsagt visste fagnemnda at det ikkje kunne vere slik.

Fagnemnda har ikkje levert noka grunngiving for framlegget, men intensjonen i det var at desse tre orda var så lite brukte at dei kunne takast ut, for nynorsken har andre mykje brukte ord med same innhaldet. Me tok ikkje stilling til etymologien, berre til funksjonen i samtidsnorsken. Når denne argumentasjonen kunne brukast for å stryke ord – noko som rett nok ikkje er vanleg å gjere – kjem det av at det her er tale om formord, altså ord som høyrer til i ein stengd ordklasse. «Innhaldsord» behandlar ein ikkje på same måten.

Det var altså samtidsformene og samtidsorda som fagnemnda var oppteken av. Då me bad deg skrive om «bruken og formene i samtidsnorsken», kommenterte du at det vert «syrgjelegt lite å skriva anna enn at *hoss*, *koss*, *korleis* osv. er ulike ord for det same». Ja, akkurat. Det var det fagnemnda sikta til.

Med vennleg helsing frå redaksjonen

Helge Sandøy  
(sign.)  
redaktør

Kåre Skadberg  
(sign.)  
kontorsjef



*Raut frå byggjefelt til minefelt*

*70 dikt av Ole Jakob Totland  
Ein ungdom slær eit slag for  
høgnorsken.*

*Boki kann tingast beinveges frå forlaget:  
Nauthyllaren forlag, Stølshaugvn. 76, 5460  
HUSNES,  
tlf 53 47 81 00*

**Epost: [jamatotl@frisurf.no](mailto:jamatotl@frisurf.no)**



# B



ISSN-1503-2469

## Pondus – licetne interpellare?

Av Anders Moe

*Composuit et pinxit Frode Øverli  
in latinum convertit Tor Ivar Østmoe  
Maresilva 2002. XLVIII sidor. 200 kr*

Her er ein liten genistrik frå latinistane: Teikneserien um bussjåføren Pondus og trygdesnyltaren Jokke er so populær nett no at folk kauper mest kva som helst berre dei ser namnet. Frode Øverli teiknar det ein i gamle dagar kalla fraudig folkelivsskildring, og det hev vorte den fyrste teikneserien i etterkrigstidi som sel meir enn Donald Duck.

Denne boki er nett ei slik utgjeving som samlarane likar: stive permar, mange fargesidor, godt trykk; kva gjer det då at ho er litt dyr? Dei faste lesarane hev nok lese alle vitsane fleire gonger fyrr, men aldri hev dei havt deim i ei so væn utgåva. Ein av teikneseriekaupmennene i Oslo fortel meg at han hev selt 15 næme på ei vika, for det meste til samlarar som sjølve ikkje kann lesa albumet. Utgjevarane fær snøgt dekt prentekostnadene på det viset!

Og soleis fær latinistane ei moderne, lettlesj hjelpebok, høveleg for gymnasi-

astar eller folk som held på med latin grunnfag. Den yverlevera latinske bokheimen er jo noko nær den grammatisk og litterært mest avansera litteraturen som finst; det er reint utruleg at han opphavleg var meint for munnleg framføring. Han høver ikkje for nybyrjarar, men ettersom det ikkje finst noko anna, vert det til at grunnfagsstudentane sveit-ter yver Cicero utan at dei skynar stort av korleis målet heng i hop. Denne boki er ein betre stad å byrja: fjore bilæte med stutte replikkar er ein vits. Det gjeng snøgt å slå upp alle ordi, og i desse setningane, som mest alle er på mindre enn ti ord, kann kven som helst finna subjekt og indirekte objekt: gjer ein det rett, kjem ein fram til eit morosamt poeng. For deim som studerar livande mål er slik lesnad ein sjølvsgd ting, men populærkultur og moderne saker finst det sjølvsgd ytst lite av på latin. Det finst nokre Asterix-album, men dei er gamle (40 år er lang tid i populærkulturen), og ei samanhengande saga på 44 sidor er nok litt mykje til at det er nokor hjelp for nybyrjaren. So er det finnen Dr. Almond, som fekk medalje og

audiens hjå paven for CD-en *Elvis in Latin* frå 1994. Eg vonar paven hev ein medalje åt Østmoe òg, for utgjevingar som dette gjer det latinske målet lettare tilgjengelegt. Kven som helst kann vel hugsa dei grammatiske tabellane på rams, um han set seg det fyre, men med denne boki hev me for fyrste gong ei bok som er so lettlesj og so morosam at kven som helst òg kann skyna korleis dei grammatiske tabellane er meiningsberande. Denne boki åleine kann ikkje læra nokon latin, men latineksamnenen åt denne bokmeldaren hadde vore noko heilt anna um han hadde ått ei slik bok.

Og det skal vera visst at latinen klæder stoffet – dei gamle romarane hadde stor sans for «buskis». Utgjevarane segjer at dei var litt støkte yver at ei forsamling av munkar og nonnor dei synte fram albumet til, lika det so godt, men det finst mykje grøvre skjemt i den klassiske bokheimen.

Pondus-farsotten kjem truleg til å halda seg enno ei stund, so kann henda ein norrønkunnig ser sitt snitt til å hengja seg på?



*Næste nummer av Målmannen kjem i  
desember. Til då ynskjer med lesarane  
ein god målhaust!*

**Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo**

### Sluttordet:

*Me vinn ikkje målstriden  
med pengar.*

Ole Jakob Totland